



Feel It

2024

VI INVITERER HERMED TIL: FEEL IT SKULESHOW FREDAG 1. MARS 2024

Feel It inviterer alle skuleborna i Sande til eit spesial "Feel It - Skuleshow"!

Vi har plukka ut dei kulaste songane, og kanskje vert det eit lite trylletriks eller to?

Det vert servert litt mat, frukt, drikke, og kanskje litt snacks?

Showet byrjar kl 12:15,
- ferdig om lag 13:15.

Litt praktisk:

Generelt:

Vi må ha litt lydprøver, og få alle detaljar på plass - dørene oppnar difor kl 12:05.

Gursken

Buss frå Gursken oppvekstsenter kl 11:55, bussane køyrer opp på skuleplassen på Larsnes skule. Derifrå går elevane direkte inn på Breidablik og finn plassane sine.

Larsnes

Elevane går direkte frå skulen til Breidablik.

Kvamsøy

Ferje frå Kvamsøy 10:30, elevane møter på Breidablik kl 12:05. Retur med ferje 13:40.

Vi gler oss til å møte dokke på show!!

Helsing - Feel It!



FEEL IT

Feel It arrangerer i samarbeid med Landsbyhuset Breidablik og Gamlebanken Scene dannelseshowet Feel It. Det har vi gjort sidan 2012, og har no hatt 77 dannelseshow - inklusive eitt Feel Royal då kongeparet var på vitjing!

Årets sesong starta 19. januar, og vi skal ha siste showet laurdag 2. mars. Då har det vore 1760 gjestar på show!

Feel It er eit konsept litt utanom det vanlege. Vi kombinerer kulinarisk matoppleving med fengjande musikk, sett saman i eit heilskapleg uttrykk. Publikum får ei oppleving frå start til slutt, der alle detaljar er nøye gjennomtenkt.

Feel It har base på Larsnes, og konseptet er i stor grad basert på dugnad og glade amatørar. Dette er med på å skape ei ekstra fin stemning både bak, i og framom kulissane.

Landsbyhuset vert rigga og pynta til show, og vi har det svært kjekt kvar einaste kveld.

Dette er fyrste gongen vi inviterer skuleborna i Sande til å oppleve litt av det vi styrer med, men vi håpar og trur dette kan verte ein årleg tradisjon!

Vi vonar konseptet vårt fell i smak, og at du kosar deg på show!





**FEEL IT DINNERSHOW ER ARRANGERT
I EIT SAMARBEID MELLOM:**

Feel It



GAMLEBANKEN SCENE

LANDSBYHUSET

BREIDOBLIK
